



Brødrene Lunde Eiendom As
Hopsdalsvegen 176
5915 Hjelmås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3911 - 23/38181

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
16.05.2023

Løyve til seksjonering- gbnr 11/15 Hølleland

Administrativt vedtak: Saknr: 506/23

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gnr 11. bnr 15, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar der seksjon nr 1 har sameigebrøken-154/223 og snr 2 har sameigebrøken 69/223.

Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med kvar sine inngangar og kvar sine etasjar. Seksjonnr 1 består av underetasjen (U01) og hovudetasje 1 (H01), snr 2 har eigen inngang i H01 og består av 2. etasjen (H02).

Alt uteareal på eigedommen er fellesareal for begge seksjonane. Det må opparbeidast parkeringsplassar i tråd med byggeløyvet.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 11/15 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har 11.05.23 motteke søknad, om seksjonering av eigedommen gbnr 12/15 med adressene Stranda 802A og 802B.

På eigedommen er det eksisterande eldre einebustad med sokkel/hybelleilighet.

Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsplan datert 18.04.23 som tydeleg viser eigedomsgrenser.
- Planteikningar for 3 etasjar (3 vedlegg) av bustadbygget.
- Vedtekter for eierseksjonssameiet Stranda 802, gnr. 11. bnr 15, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Firmaattest for eigar/ søkjar Brødrene Lunde eignedom AS.
- Søknaden er sendt inn og signert av Bjarte Haga Lunde -leder i styret for Brødrene Lunde eignedom AS. Styremedlem Ole Jørgen Lunde har også signert som heimelshavar.

Etter eigarseksjonslova §8 kan både eksisterande og nye bygningar seksjonerast når det ligg føre rammeløyve.

Etter avtale (e-post) med arkitekt som laga til seksjoneringsøknaden er teksten «se vedlagt følgebrev» i pkt.5 i søknaden sletta av saksbehandlar, då dette ikkje hadde relevans.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar, etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming av seksjonering pkt 23. Tinglysingsgebyr kjem i tillegg.

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/3911»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Brødrene Lunde Eiendom As

Hopsdalsvegen 176

5915

Hjelmås